



Vinje Kommune

TENESTEGARANTI Middag til heimebuande

MÅL MED TENESTA

- Kompensere for nedsett evne til å gjera innkjøp eller lage middag sjølv
- Førebyggje feil-/underernæring.
- Stø opp under at innbyggjarar i Vinje kommune, med eit særleg hjelpebehov, skal kunne bu i eigen heim så lenge som mogleg.

KVEN KAN FÅ TENESTA?

Alle innbyggjarar som varig eller mellombels bur i Vinje kommune og har eit særleg hjelpebehov grunna sjukdom eller funksjonshemming.

TENESTA SITT INNHOLD

- Middag – hovudrett og dessert etter meny - leverast som kjølevare i miljøvennleg porsjonspakning.
- Hjelp til oppvarming og servering kan du få som praktisk bistand

KVA KAN BRUKARANE FORVENTE AV OSS?

- At middagen er laga på tradisjonell måte, der berre fyrsteklasses råvarer er bruka
- At kjøkenet til ein kvar tid fylgjer gjeldande lover og retningsliner mhp. produksjonsmåte og ernæringsamansetting
- At maten minst held seg ei veke få pakke dato, dersom den blir oppbevara i kjøleskåp, sjå dato på pakning.
- At tenesta ytes med respekt for deg og din heim
- At vi overheld vår teieplikt
- Dersom vi, av grunner vi ikkje rår over, ikkje kan gi deg tenesta som avtalt, skal du få informasjon om dette snarast.
- At kommunen, ved omsorgstenesta, står for utleige av mikrobylgjeovn.

KVA FORVENTAR VI AV DEG?

- At du oppbevarer maten i kjøleskåp
- At du følgjer bestillingsrutinane og er tilstade når maten blir levert
- At du er førebudd på at det kan oppstå situasjonar då tenestene må endrast for ein kort periode
- At du gjev beskjed dersom du reiser burt, eller av anna årsak ikkje kan mottaka tenesta til avtala tid
- Kjæledyr må ikkje vera til sjenanse for tenesteytaren

PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

Saksbehandlingstid

Ynskje om ei slik teneste handsamast fortløpande og vil bli sett i verk innan 1 veke frå førespurnad.

Klage:

Dersom du ynskjer å klage på tenesta du mottek, kan du vende deg til:

Vinje kjøkendrift

v/kjøkkensjefen

tlf: 35062570

eller sende skrifteleg klage til:

Vinje kjøkendrift

3890 Vinje

Når me har motteke klaga frå deg, vil denne bli vurdera, og du vil få tilbakemelding innan 3 veker. Om vi ikkje endrar vedtaket i tråd med ditt ynskje, går klaga til endeleg avgjerd i kommunen si klagenemnd.

Betaling:

- Pris for ein middagsporsjon med dessert er for 2012 fastsett til kr 63,- pr porsjon

Tilgjenge:

Vinje Heimeteneste

tlf: 35 06 25 95

Besøksadresse: Kommunehuset

Postadresse Tenestetorget, 3890 Vinje

Sentralbord: 35 06 23 00

Her finn du meir informasjon: www.vinje.kommune.no

Denne tenestegarantien er gyldig frå vedtak juni 2004.